



TRAFIKKULUKKE: Personbilen vart henta av bergingsbilen like før klokka 11 torsdag førmiddag.

Kollisjon på Storhaug

Torsdag kørde ein bil inn i ein lastebil på Storhaug i Klepp.

TRINE SELVIKVÅG | tekst og foto
trine@jbl.no

Politiet fekk melding om trafikkulukka klokka 09.52 og kom raskt til staden.

– Det skal ha gått greit. Det var berre ein person i personbilen. Føraren, ei 33 år

gamal kvinne, var medviten då me kom til staden. Airbaggen var utløyst, og ho vart frakta til sjukehuset i ambulanse, seier Geir Gjesdal, operasjonsleiar i Rogaland politidistrikt.

Då Jærbladet var på staden gjekk trafikken forbi i kolonnen, medan ein bergingsbil var i ferd med å flytta personbilen. Like før klokka 11 var alt som normalt.

Klepp får kulturplan

Hvordan kan Klepp kommun utvikle lokal identitet på kulturfeliet? Det er en av mange utfordringer kommunens nye kulturplan skal ta for seg. Klepp har i dag ingen slik plan.

– Formålet er å få til en helhetlig og langsiktig utvikling på kulturfeliet, står det i forslaget som politikerne i utvalget for lokal utvikling skal behandle tirsdag neste uke.

Kulturplanen skal gi en oversikt over hvilke kulturtilbud som finnes i dag, hva som skal prioriteres framover og

hvilke utfordringer kommunen har på kulturfeliet.

– I en tid med raske samfunnsendringer og økte forventninger fra innbyggerne blir kultur et viktig element for å utvikle et godt lokalsamfunn, står det i forslaget.

Kommunalsjefen ber politikerne om å velge ut ei arbeidsgruppe som skal jobbe fram planen, i dialog med ulike aktører på kulturfeliet. Målet er at kulturplanen skal rundt årsskiftet 2014/2015.

Innbrottsforsk

■ **TIME:** Litt før klokka 22 onsdag kveld prøvde ein mann å bryta seg inn i ein bil i Hognestadvegen.

– Mannen vart stoppa før

han klarte å koma seg inn i bilen, og ingenting vart dyddelagt, seier Time-lensmann Arild Oftedal.



SKEPTISK: Senterleiar Eli Ulveseter ved M44. (Arkivfoto)



DELT I SYNET: Senterleiar Harald Aursland ved Amfi Nærbo. (Arkivfoto)

Lokale senterleiarar er kritiske og avventande. Dei vil sjå kva andre gjer.

ANNE BERIT HATLEM | tekst
abh@jbl.no

SUNDAGSOPE: Eli Ulveseter, senterleiar på M44, er kritisk til sundagsopne butikkar.

– Eg seier ikkje akkurat jippii for forslaget, og eg trur det er få i bransjen som gjer det. Handelen vil bli meir spredd, og kostnaden vil auka, seier Ulveseter.

– Me har ope lenge nok som det er i dag, og eg synest det er flott med ein fridag i veka. Eg hadde håpa at me kunne unngå sundagsopne butikkar i Norge i mange år enno. Me har ope veldig mange timar i veka allereie, legg ho til.

Bekymra for dei små

Ulveseter er særleg bekymra for konsekvensane for små butikkar.

– Ein dag ekstra ope i veka på 100 prosent overtid, kan koma til å ta knekken på dei små. M44 ønskjer ei god blanding av mindre nisjebutikkar og kjedebutikkar, men det kan det bli vanskelegare å få tak i dei små. Dei har det tøft nok i dag. Eg trur grunderar som kan tenka seg å etablere mindre butikkar i eit senter vil tenka seg ekstra om, kostnaden er betydeleg for dei. Det er stor fare for at dei forsvinn frå senteret og at me blir sittande igjen med bare kjedebutikkar, seier ho.

Ikkje kundekrav

– Har kundane sagt at dei ynskjer sundagsopne butikkar?

– Nei, me har ikkje fått spørsmål frå kundane om det, bare om helgene før jul. Det er vel lukka, men eg ser ikkje behovet for å ha ope 52 sundagar i året. Er det interesse for det, vil me følgje markedet. Konkurransesituasjonen i regionen vil avgjera. Eg ser for meg at enkelte aktørar vil pressa på. Dersom alle andre senter har ope, kan det føra til handelslekkasje, til dømes til Kvadrat, og vil måtte bli med, seier Ulveseter.

Senterleiarane på M44 seier at ho vil lytta til kva kundar, leigetakarar og eigarane av senteret meiner for ho avgjer om senteret skal opne alle dører sundag.

– Det viktigaste er kva folk på Jæren meiner, seier Ulveseter.

Ventar og ser

Siri Øksnevad Olsen, senterleiar på Jærhagen, er avventande.

– Me fekk presentert forslaget frå regjeringa mandag, så eg har behov for på få litt meir kjøp på beinar før eg seier noko meir. Me får venta og sjå kva som blir vedtaket i Stortinget. Eg trur det vil koma noko meir enn bare sundagsopne, det vil nok bli føringer rundt, trur Øksnevad Olsen og legg til:

– Dersom alle kjøpesenter



rundt oss bestemmer seg for å ha ope, så følgjer me etter.

På ein runde på senteret, fekk ho tilbakemeldingar frå mindre butikkar som klart ser at sundagsopne vert belastande for dei. Det er vanskeleg nok for nokon av dei å skaffa folk i dag, og det er dyrt å ha folk på arbeid sundag.

– Me drøftar dette med leigeta-

karane, før me startar med sundagsopne, seier Øksnevad Olsen.

– Familiedag

Det gjer ikkje familien som handlar sko til ungane på Jærhagen. Camilla Brekke Dalland og Gunnar Nøttvedt er på besøk på Kleppe.

– Det er sjelden du treng noko

på butikken på ein sundag. Det vert bare meir mas frå ungane, meiner foreldra.

– Sundag er ein familiedag, då vil me heller gjera andre ting saman med ungane enn å handla. Det er greit å ha ein fridag, seier Camilla Brekke Dalland.

Gunnar Nøttvedt jobba på butikken medan han studerte, og

synest synd på dei som også skal måtte jobba sundag.

– Butikktilsette treng og ein fridag, meiner han.

Ikkje først til Nærbo

Harald Aursland, senterleiar på Amfi Nærbo, trur ikkje Nærbo vil vera først i rekka med å innføra sundagsopne.

– Men blir andre senter med, må me også ta diskusjonen, seier han.

Senterleiarane er litt delt i synet på sundagsopne.

– Personleg kunne eg godt tenkt meg eit sundagsopne-fritt-samfunn, eg vil heller gå på fotballkamp og gjera andre kjekke ting. Men det har blitt slik at

opne butikkar sundag pressar seg på. Dersom leigetakarane ynskjer det, må me leggja til rette for at sentera på Nærbo kan ha ope sundag. Men det får me ta når det kjem, seier Aursland.

Han har ikkje høyrte at nokon av butikkane ynskjer sundagsopne, og det har heller ikkje vore eit krav frå kundar.

FAKTA

SUNDAGSOPE

- Den påtroppande regjeringa, Høgre og Frp, har varslet at dei gje butikkane lov til å ha ope på sundag, også dei som er større enn 100 kvadratmeter. (Brustadbu).
- Regjeringa meiner at det er mange hol i regelverket i dag, innføring av nye reglar vil gje alle typar butikkar same sjansen til å ha ope på sundag.
- Ei fersk undersøking frå organisasjonen Lederne viser at sju av ti butikkleiarar ikkje vil ha sundagsopne butikkar. Dei fryktar at det vil ta frå dei fritid og gå ut over innteninga til bedrifta.
- Danmark innførte sundagsopne for eit år sidan. Etter det har nærare 100 butikkar lagt ned drifta, særleg dei små butikkane i distrikta. Konkurransen frå større butikkar har også ramma kioskar og bensinstasjonar.

AVVENTANDE: Senterleiar Siri Øksnevad Olsen på Jærhagen er avventande. (Foto: Anne Berit Hatlem)

GJØR CRUISE PÅ HVERDAGEN

Vi seiler fra Bergen og Stavanger til Hirtshals, så du får en dag i Danmark. Eller du kan bli med helt til Langesund. Bestill i dag på www.fjordline.com eller ring 815 33 500.

2-DØGNS CRUISE FRA **499,-** per person

Stavanger Aftenblad VG

fjordline.com

BERGEN | STAVANGER | HIRTSHALS

*Pris for overfart Bergen - Stavanger - Hirtshals - Langesund i/t, 2-songs innvendig luge, drikkefylling, skatter og avgifter. Tillegg for andre luge typer/singelluge. Begrenset antall plasser. Forbehold om trykfeil.

KLEPP SPAREBANK

Vi er i 90

Å «være i hundre» er et uttrykk som utstråler stor entusiasme, nesten overbegeistring. Som sindige jærboer holder det for Klepp Sparebank å være i nitti.



Telefon 51 78 96 00
www.klepp-sparebank.no

En allmennbank i etika.

NY BMW 5-SERIE

Vi lanserer den helt nye Norges-pakken: **Advantage Edition**. Pakken inneholder blant annet utstyrsgraden Comfort- og Sport pakke, DAB-radio, Xenon, skinninterior og oppvarmbart ratt. I tillegg tilbyr vi nå gratis service i 5 år / 60.000km.

kr 479.000,-

Kundefordel kr. 63.650,-
Tillegg for M Sport kr. 14.000,-



Pris er inkl. frakt og leveringskost. levert Bryne. Årsavgift kommer i tillegg. Forbruk bl. kjøring inkl. alle modeller: 0,45-0,92 l/mil. CO2-utslipp: 119-206 g/km. Avslått modell kan avvike fra annonserst pris.

bavaria.no Stavanger Haugesund Kristiansand Arendal Oslo Gardermoen Molde Bryne Lillestrøm Stockholm København
Bavaria Bryne, Trafallevgen 7, 4340 Bryne, T: 51 77 66 50



BAVARIA®
-vi skal lede utviklingen